



Årsmelding 2017 for Nordfjord vassområdeutval

Om Nordfjord vassområdeutval

Vassområdeutvalet er eit samarbeidsorgan for kommunar, statlege styresmakter og fylkeskommunen, for å ivareta oppgåver etter vassforskrifta i vassområdet. Det overordna målet er å sikre tilstrekkeleg høg økologisk og kjemisk tilstand i alle elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn.

Prosjektplanen for 2016 – 2021 omtalar bakgrunn, mål, organisering, oppgåver, framdrift og økonomi for vassområdeutvalet. Kommunane er areal- og planstyresmakt og har sektormyndighet på område som landbruk, miljø, vatn og avløp, ureining etc. Kommunane har eigne verkemidlar og / eller har delegert myndigheit frå staten. Kommunane har difor ei særrolle i vassområdeutvalet, og mykje av arbeidet i vassområdet blir gjort for å bistå kommunane. Kommunane som har størsteparten av arealet sitt innanfor Nordfjord vassområde har slutta seg til prosjektplanen ved politiske vedtak. Dette er kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid, Hornindal, Stryn, Gloppen og Jølster.

Drifta av vassområdet er finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane (50 %), fylkeskommunen og Fylkesmannen (50 % til saman), som skildra i prosjektplanen. Prosjektleiaren for vassområdet er tilsett av Sogn og Fjordane fylkeskommune, og har sin daglege arbeidsplass på Sandane i Gloppen kommune. I tillegg til dei ordinære driftsmidlane har Nordfjord vassområde fått tilskot frå Miljødirektoratet og frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til kunnskapsinnhenting (sjå avsnitta kunnskapsinnhenting og økonomi).

Tiltaksgjennomføring

Tiltaksprogrammet viser kva som må gjerast for å sikre tilstrekkeleg høg økologisk og kjemisk tilstand i vassdrag, sjø og grunnvatn. Dei delar av tiltaksprogrammet som kommunane har ansvar for gjeld i hovudsak ureining av elvar og innsjøar frå landbruk og avløp, samt påverknad frå fysiske inngrep i form av forbygging og elveutretting/kanalisering. For mange av desse vassførekomstane er kunnskapsgrunnlaget for mangelfullt til å velje effektive tiltak. I desse tilfella er det problemkartlegging som er tiltaket. Dette er i Nordfjord vassområde løyst ved overvaking og synfaring / bekkevandring, i tillegg til eit prosjekt som vart gjennomført i 2014: *Problemkartlegging og tiltaksanalyse av utvalde vassførekomstar i Nordfjord vassområde* (Yri 2015).

Nordfjord vassområde



Overvaking

Overvaking har i 2017 omfatta:

- Vassprøver. Om lag 250 prøver vart tatt til analyse av mellom anna næringsstoff, organisk stoff og bakteriar, fordelt på om lag 37 vassførekomstar og 4 tidspunkt (vår, sommar, tidleg haust, sein haust). Kommunane tok prøvene og sendte til analysar som er omfatta av ei rammeavtale som Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, inngjekk med Vestfold LAB i 2016. Resultata er registrert i Miljødirektoratets database vanmiljø (<http://vanmiljo.miljodirektoratet.no>)
- Undersøking av botnlevande algar og dyr i 4 elvar i kommunane Vågsøy, Eid, Hornindal og Gloppen. Rådgivende biologer AS samla inn prøvene som vart analyserte av Limnoconsult og Pelagia Miljøkonsult AB, etter ei offentlig anskaffing.

Synfaring / bekkevandring

Bortneelva i Bremanger kommune vart synfart av Bremanger kommune, NVE, SFE og prosjektleiar 16. mars

Refvikelva vart synfart av Vågsøy kommune og prosjektleiar for vassområdet 9. mai.

Maurstadelva i Vågsøy kommune vart synfart av prosjektleiar, Rådgivende biologer AS og Statens vegvesen 18. september.

Møteverksemd

Sogn og Fjordane fylkeskommune arrangerte seminar og fagdagar for kommunane med føremålet å auke kompetansen innanfor tiltak og verkemiddel for å reduserer ureining frå landbruk og avløp. Prosjektleiaren var involvert i planlegging og gjennomføring av desse:

- Seminar om praktisk oppfølging av vassforskrifta innan områda landbruk og spreidde avløp 28.-29. mars. på Skei.
- Fagdagar i samband med møte i Sogn og Fjordane vassregionutval 3.-4. oktober i Førde



Nordfjord vassområde



I 2017 arrangerte vassområdet møte som vist nedanfor. Referat frå møta finn ein på vannportalen.no/nordfjord , under menypunktet «Møte i Nordfjord vassområde».

Vassområdeutvalet	3. oktober, 16. november
Prosjektgruppa*	9. mars, 27. juni, 14. november
Temamøte om avløp	19. januar
Vågsøy kommune	9. mai
Gloppen kommune	13. september

*) Prosjektgruppa er samansett av ein administrativ kontaktperson frå kvar av «hovudkommunane» i vassområdet

Prosjektleiari har i tillegg deltatt på fleire møte for å drøfte organisering, prosess, arbeidsmåte og konkrete problemstillingar. Følgjande har delteke på møta:

Politisk leiing av vassregionutvalet	2 møte
Programnemnd for seminar 28.-29. mars	2 møte
Vestlandsforskning	5 møte
Flora kommune	2 møte
Miljødirektoratet (planlegging av seminar)	1 møte
Fylkesmannen miljøvernavdelinga	11 møte
Fylkesmannen landbruksavdelinga	4 møte
Forsvarsbygg	1 møte
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	1 møte
Andre statlege etatar i vassregionutvalet	1 møte

Prosjektleiari har deltatt på følgjande nasjonale samlingar / konferansar:

2. – 3. mai	Studietur til Jæren, Rogaland, Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune
4. mai	Seminar om tiltak for å betre vannmiljøet, Stavanger, Rogaland fylkeskommune
29. – 31. august	Nasjonal vannmiljøkonferanse, Tromsø, Troms fylkeskommune

Rekneskap 2017

Rekneskapen viser at inntektene samsvarer med budsjettet i prosjektplanen for 2016 – 2021. I tillegg fekk vassområdet 78 500 kr frå Fylkesmannen i slutten av året som tilskot til overvaking. Beløpet er overført til fond og budsjettert som utgift til overvåking i 2018, i tillegg til dei ordinære overvåkingsmidlane på 300 000 per år, i følgje prosjektplanen.

Vassområdet fekk etter søknad 120 000 kr i støtte frå Fylkesmannen i 2016 til arbeid med den trua arten elvemusling i Sogn og Fjordane. Store deler av prosjektet vart gjennomført i 2016, men kostnadene (76 532 kr) vart fakturert i 2017 og difor rekneskapsført same året. Resten er overført til fond for bruk i 2018 til same formål.

Nordfjord vassområde



I tillegg til det som går fram av rekneskapen, fekk vassområda Nordfjord og Sunnfjord tilskot frå Miljødirektoratet på til saman 260 000 til kartlegging og vurdering av påverknad frå forbyggingar og elveutrettingar i elvar. Heile summen er rekneskapsført på Sunnfjord vassområde (jamfør aktivitetsplanen 2018 for Nordfjord vassområde).

Rekneskapen viser at utgiftene totalt er innanfor budsjett. Utgiftene til prosjektleiing er 16 000 kr over budsjett, medan Møter/reiser/kurs og vassanalysar/overvaking ligg under budsjettet. Rekneskapen syner eit overskot i 2017 på 227 411 kr. Overskotet er overført til fond, og øyremerka til vassforvaltning i Nordfjord vassområde.

	2017 Rekneskap	2017 Budsjett vedtatt VOU 03.10.2017
UTGIFTER		
Prosjektleiing	386 335	370 000
Møter, reiser, kurs	42 702	100 000
Vassanalysar, overvaking	115 520	300 000
Utgreiing forbyggingar		
Utgreiing vegkulvertar		
Utgreiing samarbeid avløp		
Trua arter	76 532	120 000
Sum utgifter	621 089	890 000
INNTEKTER		
Frå kommunar	-385 000	-385 000
Frå fylkeskommune	-385 000	-385 000
Frå stat til overvaking	-78 500	
Frå stat til trua arter		
Sum inntekter	-848 500	-770 000
Avsetning(-)/bruk(+) fond	-227 411	120 000
Saldo pr 01.01.	-1 358 592	-1 265 239
Saldo pr 31.12.	-1 586 003	-1 145 239

Litteraturhenvisning

Yri, A.W. 2015. *Problemkartlegging og tiltaksanalyse for utvalde vassførekomstar i Vassområde Nordfjord*. Hovudrapport 53 sider, og 23 delrapportar.

<http://www.vannportalen.no/vannregioner/sogn--og-fjordane/vassomrade/nordfjord/nyhende-nordfjord/2015/mote-i-nordfjord-vassomradeutval-22.011.2015/>